



Grunnskulelærar 1-7

- med vekt på kreative og praktiske læreprosessar

Deltid, desentralisert og nettstøtta



I samarbeid
med Utdanning
i Ryfylke

Foto: Marit Kulid



Høgskolen Stord/Haugesund tilbyr frå hausten 2015 desentralisert deltidsutdanning for deg som vil bli lærar for dei yngste elevane.

Som grunnskulelærar på 1.-7. trinn følgjer du elevane i fleire fag over fleire år. Med utdanning frå HSH får du solid fagkunnskap i norsk, matematikk og naturfag, i tillegg til innsikt i kreative, praktiske og varierte metodar for læring og utvikling. Kunnskap om barn si utvikling og læring er sentralt gjennom heile utdanninga.



Studiemodell*

* med atterhald om endringar

1. år obligatoriske fag

- | | |
|------------------------------|-------|
| • pedagogikk og elevkunnskap | 15 sp |
| • norsk | 15 sp |
| • norsk | 15 sp |

2. år obligatoriske fag

- | | |
|------------------------------|-------|
| • pedagogikk og elevkunnskap | 15 sp |
| • matematikk | 15 sp |
| • matematikk | 15 sp |

3. år obligatoriske fag og obligatorisk valfag

- | | |
|------------------------------|-------|
| • pedagogikk og elevkunnskap | 15 sp |
| • naturfag | 30 sp |

4. år obligatoriske fag og valfag

- | | |
|--|-------|
| • pedagogikk og elevkunnskap valfag: | 15 sp |
| • naturfag 2, norsk 2 eller matematikk 2 | 30 sp |

5. og evt 6. år valfag.

Resterande valfag - ved HSH eller anna høgskule, eventuelt starta på master.

Aktuelle fag kan vere kunst og handverk, engelsk, idrett/ kroppsøving, musikk, samfunnsfag, spesialpedagogikk og mat og helse.

Totalt: 240 sp

**Søk studie plass her. www.hsh.no/sok
Søknadsfrist: 15.april**

Gjennom utdanninga får du fagkunnskap, røynsle frå praksis, rettleiing og tid til å reflektere over eiga rolle. Kvart semester vert det 3 obligatoriske samlingar på 2-3 dagar. I tillegg vil det kome dagar til eksamen og evt. ekskursjonar. Samlingane vil bli på campus Stord og lokalt i Ryfylke.

Førelingar, arbeid i basisgrupper og oppsummeringar i fellesskap er viktige arbeidsmåtar. I tillegg møter du prosjektarbeid, problembasert læring og praktiske øvingar. Utdanninga legg vekt på at du er aktiv og medverkande. Arbeid med studiekrav og nettmøter vil vere sentralt mellom samlingane. Rettleiing vil føregå individuelt og i grupper, både på samlingar og på nett.

Opptakskrav

- generell studiekompetanse eller realkompetanse
- gjennomsnittskarakter 3 eller betre i studiekompetansefaget matematikk, eller bestått matematikk på høgare nivå
- gjennomsnittskarakter 3 eller betre i norsk hovudmål, sidemål og munnleg
- minst 35 skulepoeng
- politiattest må leverast seinast ved studiestart

Meir informasjon:

www.hsh.no/larer

Ta kontakt med studiekonsulenten på e-post: elin.siglen@hsh.no dersom du har spørsmål om utdanninga eller HSH generelt.

Dersom du har spørsmål om opptak, kan du sende dei til opptak@hsh.no

Kort om Høgskolen Stord/Haugesund

HSH er ein mellomstor og moderne høgskule med om lag 3200 studentar og 300 tilsette.

Vi tilbyr framtidsretta grunnutdanningar på bachelor- og masternivå, spennande etter- og vidareutdanningar og utfordrande forskingsprosjekt i aktive fagmiljø.

Vi har studiestader på Stord og i Haugesund.



YouTube

Du finn oss óg på Facebook og YouTube, søk på Høgskolen Stord/Haugesund



www.hsh.no



HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND